

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Førde sentralsjukehus, «Styrerommet», 3. etg., Bygg Aust, Førde

MØTETIDSPUNKT: 05.09. 2018, Kl. 1215 - 1600

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Tone Berntsen Steinsvåg	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Sigurd Hille	Medlem
Katrine Trovik	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Lise Strømme	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Linn Bæra	Observatør

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerande direktør

Baard-Christian Schem, fagdirektør

Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør

Bente Aae, kommunikasjonsdirektør

Ivar Eriksen, eigardirektør

Hilde Christiansen, direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi

Torunn Nilsen, styresekretær

Sak 082/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Det var ingen forfall til styremøtet.

Tom Guldhav blei permittert frå styremøtet under orienteringssakene for å presentere mandat for ny prehospital plan i Helse Førde for styret i Helse Førde HF.

Dagsorden:

Det var eit nytt punkt på AD si orientering:

Pkt. 8 - Planlegging av pasientkontaktar

Dokument som var ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet

Saker til eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 083/18 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 19.06.2018

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 19. juni 2018.

Sak 84/18 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Til tilsynssak om behandling av sepsis peika styret på at HF-a må lære av tiltak som er iverksett i andre HF/einingar, og at det også må vere prosessar for læring innad i same helseføretak t.d. kunne funn ved akuttmottak ved Voss sjukehus truleg vore unngått ved læring av tilsynet ved Haukeland sjukehus. Det blir sendt ut læringsnotat til HF-a etter tilsyn, men dette må følgjast opp i kvart enkelt HF.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat. Styret ønskja ein orientering om korleis prosedyrane er når helseføretak gir høyringsuttale.

Dersom det i Helse Vest blir beslutta å sende felles høyringsuttale vil det bli sendt førespurnad om innspel til alle helseføretak. Det gjeld også saker der helseføretaka er invitert til å gi eigen uttale.

Når slik melding er sendt frå Helse Vest, er hensikta at det skal utarbeidast ein samla uttale frå føretaksgruppa.

Når det ikkje blir sendt ut spørsmål om innspel kan HF-a avgje eigen høyringsuttale. Helse Vest skal rutinemessig kopierast på høyringsuttalar frå HF.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Status overføring av kapital frå RHF til HF

Under styresak 070/18 Rapportering frå verksemda per april 2018 ba styret om ei oversikt med beløp over kva føretak som har fått til ført eigenkapital frå RHF-et fram til no.

Kapitalinnskott

I styremøte den 4/12-2013 under sak 132/13 B tilrådde styret i Helse Vest at delar av den positive likviditeten i RHF-et skulle nyttast til å gjennomføre kapitalinnskott i helseføretaka. Innskottet skulle nyttast til å redusere driftskreditten (og tilhøyrande driftskredittramme) i helseføretaka. Samla kapitalinnskott var på kr 1,261 mrd. og kunne ikkje nyttast til å auke investeringsramma. Tilrådinga frå styret blei vedtatt av føretaksmøte i helseføretaka.

Kapitalinnskottet blei gjennomført med følgjande fordeling på helseføretaka med verknad pr. 31/12-2013 (tal i hele tusen kroner):

Egenkapitalinnskudd	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde
Innskott eigenkapital til reduksjon av driftskreditt - (fordelt etter modell i desember 2013)	372 000	219 000	526 000	144 000

Tildeling av interne lån

Helse Vest har dei siste åra nytta deler av overskotet i RHF-et til å gi interne lån til helseføretaka knytt til investeringsprosjekt. Tildelingane er blitt gjort med basis i søknad frå aktuelle helseføretak.

Det er gitt følgjande interne lån til helseføretaka

Interne lån - hele tusen	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	IKT
Låneavtale 15/12-11 (Investeringer)	50 000				
Låneavtale 23/11-11 (MTU)	17 000				
Låneavtale 23/4-14 (Investeringer)	40 000				
Tildeling - ikke utbetalt (Rest 50 mill. av 90 fra 2012 og 25 mill. MOBA/E2 i 2015)	75 000				
Låneavtale 23/3-12 (Investeringer)		45 000			
Låneavtale 03/12-13 (rehab. apoteklokalene)		17 600			
Låneavtale 9/2-15 (Haukelandsbakken 45)			56 000		
Låneavtale 10/5-16 (Mottaksklinikken)			100 000		
Låneavtale 1/1-18 (Investeringer - tildelt 2011)				60 000	
Lån IKT investeringer - Låneramme (på vegne av HF)					1 033 000
SUM (opphavleg tildeling)	182 000	62 600	156 000	60 000	1 033 000

Tildeling av lån frå Staten (Statsbudsjettet)

Staten har frå tidleg i sjukehusreforma tildelt lån til investeringar i dei regionale helseføretaka. I starten blei desse låna gitt til gjennomføring av investeringsprosjekt. Dei seinare åra er lån gitt til konkrete byggeprosjekt.

I tabellen nedanfor er det vist kva status tidlegare tildelte lån har ved utgangen av år 2017. Desse låna er konvertert til serielån med årleg nedbetaling. I tillegg er det vist kva prosjekt som no har fått tildelt nye lån i Statsbudsjettet. Den årlege utbetalinga til desse prosjekta blir fastsett i dei årlege Statsbudsjetta.

Status tildeling lån får Staten i heile tusen kroner (frå Statsbudsjettet og RNB):

Lån fra staten	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	IKT	Apoteka
Lån frå staten - konvertert til serielån - saldo 31/12-17	450 768	95 527	1 505 569	67 532	18 473	3 163
Pågående prosjekter - lån tildelt i statsbudsjett:						
Nytt sjukehusbygg Ullandhaug (2017- kroneverdi)	5 930 000					
Utbygging Haugesund sjukehus (2018-kroneverdi)		1 350 000				
Barne- og ungdomssenter fase II (2014-kroneverdi)			2 084 000			
Oppgradering av Sentralblokk (2017-kroneverdi)			370 000			
Protonsenter i Bergen (2018-kroneverdi) - Revidert nasjonalbudsjett 2018			908 000			
Oppgradering og modernisering (2017-kroneverdi)				1 125 000		
SUM	6 380 768	1 445 527	4 867 569	1 192 532	18 473	3 163

Samandrag kapitaltilskot og lån

I tabellen nedanfor er det vist eit samandrag av dei ulike lån og eigenkapitaltilskot og korleis dette fordeler seg på dei enkelte føretaka:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	IKT	Apteka	Total
Statslån saldo 31/12 2017	450 768	95 527	1 505 569	67 532	18 473	3 163	2 141 032
	21 %	4 %	70 %	3 %	1 %	0 %	100 %
Innvilga statslån 2018 -	5 930 000	1 350 000	3 362 000	1 125 000			11 767 000
	50 %	11 %	29 %	10 %	0 %	0 %	100 %
Sum statslån saldo + 2018 -	6 380 768	1 445 527	4 867 569	1 192 532	18 473	3 161	13 908 030
	46 %	10 %	35 %	9 %	0 %	0 %	100 %
Interne lån	182 000	62 600	156 000	60 000	1 030 000	-	1 490 600
	12 %	4 %	10 %	4 %	69 %	0 %	100 %
Egenkapitalinnskudd	372 000	219 000	526 000	144 000	-	-	1 261 000
	30 %	17 %	42 %	11 %	0 %	0 %	100 %

6. Status regional utviklingsplan

HOD har stilt krav til utarbeiding av regionale og lokale utviklingsplanar med frist sett til 31. desember 2018

HF- a har frist til 30. juni 2018.

Framdriftsplan med styrebehandling hausten 2018 blei utarbeidd med bakgrunn i at: HF-a skulle ha god tid til utarbeiding av sine planar og ikkje minst å forankre arbeidet lokalt med sine kommunar og andre interessentar.

Helse Vest har nyleg revidert den overordna strategien – Helse 2035

- Arbeidet med den regionale utviklingsplanen er ei vidareføring av den regionale strategiprosessen og prosessane knytte til dei lokale utviklingsplanane
- Vi har som mål å utarbeide ein konkret, oversiktig og lettlest plan, med bakgrunn i Helse 2035, dei lokale utviklingsplanane og andre underliggjande planar
- På den måten kan den regionale utviklingsplanen gi ei samla oversikt og bidra til operasjonalisering av strategien og dei underliggjande planane
- Den regionale planen er tenkt sendt høyring i oktober
- Styret får planen til behandling 11. desember

Styret peika på at samhandling med kommunane bør bli ein viktig del av regional utviklingsplan.

7. Orientering om Bergensklinikkene

Styret blei orientert om saka og vidare oppfølging.

8. Planlegging av pasientkontaktar

Styret blei orientert om saka og var opptekne av fortgang i arbeidet med planlegging av pasientkontaktar i helseføretaka.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 085/18 Rapportering frå verksemda per juli 2018

Oppsummering

Denne rapporten var utarbeidd med basis i informasjon per 31. juli 2018.

Helsefaglige indikatorar og sjukefråvær

Kort status pr juli 2018	Nasjonalt mål	Helse Vest	
DRG aktivitet - % avvik målt mot i fjor	1,5 %	🟢	🟢 3,8 %
Gjennomsnitt ventetid behandla somatikk	60	🟢	🟢 51
Gjennomsnitt ventetid behandla BUP	60	🟢	🟢 38
Gjennomsnitt ventetid behandla PHV	60	🟢	🟢 38
Gjennomsnitt ventetid behandla TSB	60	🟢	🟢 26
Fristbrot behandla pasientar	0 %	🔴	🔴 2,6 %
Prosentdel korridorpatientar somatikk	0 %	🟡	🟡 1,3 %
Epikrisetid psykisk helsevern	100 %	🟡	🟡 90 %
Epikrisetid somatikk	100 %	🟡	🟡 88 %

Tabellen viser grad av måloppnåing denne perioden i høgre kolonne og førre periode i venstre kolonne.

Kort status pr juli 2018	Regionalt mål	Helse Vest		Helse Stavanger HF		Helse Fonna HF		Helse Bergen HF		Helse Førde HF	
		🟢	🟡	🟢	🟡	🟢	🟡	🟢	🟡	🟢	🟡
DRG aktivitet - % avvik målt mot i fjor	1,5 %	🟢	🟢 3,8 %	🟢	🟢 5,2 %	🟡	🟡 0,7 %	🟢	🟢 3,2 %	🟢	🟢 6,8 %
Gjennomsnitt ventetid behandla somatikk	58	🟡	🟢 51	🔴	🟢 55	🟡	🟢 56	🟢	🟢 44	🟡	🟢 55
Gjennomsnitt ventetid behandla BUP	35	🔴	🟡 38	🔴	🔴 52	🔴	🟢 33	🟢	🟢 31	🔴	🟢 30
Gjennomsnitt ventetid behandla PHV	40	🟡	🟢 38	🔴	🔴 46	🟢	🟢 31	🟡	🟡 41	🟢	🟢 24
Gjennomsnitt ventetid behandla TSB	30	🔴	🟢 26	🟡	🟢 18	🟢	🟡 32	🟢	🟢 20	🟢	🟢 20
Fristbrot behandla pasientar	0 %	🔴	🔴 2,6 %	🔴	🔴 2,6 %	🔴	🟡 2,3 %	🔴	🔴 3,0 %	🟡	🟡 1,9 %
Prosentdel korridorpatientar somatikk	0 %	🟡	🟡 1,3 %	🔴	🔴 2,6 %	🟡	🟡 1,4 %	🟡	🟡 0,6 %	🟢	🟢 0,1 %
Epikrisetid psykisk helsevern	100 %	🟡	🟡 90 %	🔴	🟡 88 %	🟡	🟡 92 %	🟡	🟡 92 %	🟡	🟡 97 %
Epikrisetid somatikk	100 %	🟡	🟡 88 %	🟡	🟡 88 %	🟡	🟡 82 %	🟡	🟡 88 %	🟡	🟡 95 %
Samla sjukefråvær	5,5 %	🟡	🟡 6,9 %	🟡	🟡 7,0 %	🟡	🟡 6,9 %	🟡	🔴 7,2 %	🟡	🟢 5,4 %

Tabellen viser grad av måloppnåing denne perioden i høgre kolonne og førre periode i venstre kolonne. Oversikt over grenseverdier er presentert i vedlegget. Tall for epikrisetid er per juni i høgre kolonne og per mai i venstre kolonne.

Statusen på helsefaglege indikatorar per juli syner at utviklinga når det gjeld ventetider har vore rimeleg stabil i 2018. Historisk er juli ein avvikande månad, med lågare elektiv aktivitet og kortare ventetider og lågare prosentdel fristbrot for dei som startar behandling.

Akkumulert økonomisk resultat per føretak

	Juni		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	5 510	1 232	4 279
Helse Bergen HF	13 518	9 101	4 417
Helse Fonna HF	-5 127	1 963	-7 090
Helse Førde HF	3 042	2 333	709
Helse Stavanger HF	44	6 667	-6 623
Reservar/fellestenester/finans	42 307	32 381	9 926
Administrasjon morselskap	4 406	1 761	2 645
Helse Vest IKT AS	8 843	5 554	3 289
Til saman	72 543	60 992	11 551

Alle tall i heile tusen

	Juli			Hittil pr. Juli		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	4 063	3 221	842	13 089	6 851	6 238
Helse Bergen HF	12 898	9 100	3 797	32 304	63 699	-31 396
Helse Fonna HF	514	1 075	-560	10 203	25 287	-15 084
Helse Førde HF	4 008	2 333	1 675	32 327	16 333	15 994
Helse Stavanger HF	6 974	6 667	307	11 406	46 667	-35 260
Reservar/fellestenester/finans	3 246	17 534	-14 288	217 872	222 395	-4 522
Administrasjon morselskap	2 081	1 762	319	9 493	1 062	8 431
Helse Vest IKT AS	-2 284	-6 390	4 106	-1 608	-6 405	4 797
Til saman	31 500	35 301	-3 801	325 088	375 890	-50 802

Alle tall i heile tusen

Ventetidsutviklinga per juli 2018 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling, innanfor alle tenestemråder, berre var 50 dagar. I oppdragsdokumentet for 2018 er det nasjonale kravet frå HOD at ventetida skal under 50 dagar i gjennomsnitt innan 2021. Ser ein på ventetidsutviklinga på fagområdenivå, sett opp mot dei eigne regionale målsettingane som Helse Vest har satt, ser ein at utfordringane på regionalt nivå er størst innan psykisk helsevern (BUP og PHV) i Helse Stavanger.

Fristbrot

Den samla prosentdelen fristbrot har i hovudsak låge kring 3 % i 2018, men den lågare elektiv aktiviteten gjorde at delen som starta behandling med fristbrot i juli var 2,6 %.

Styret ønskja ei redgjerung av kva som er flaskehalsane i dei avdelingane som kjem dårlegast ut, kva tiltak som blir sett i verk og når forventa effekt er av tiltaka.

Korridorpasientar

I 2017 var prosentdelen korridorpasientar samla sett på om lag 1,5 % innan somatikken. Noro- og influensaepidemien gav ein høgare del korridorpasientar tidleg i 2018 (2,2 %). Sidan då har talet på korridor gått nedover, og den samla prosentdelen var 1,3 % i juli 2018.

Innan psykisk helsevern er det framleis svært få pasientar på korridor.

Epikriser

Ser ein på utviklinga i prosentdelen pasientar som har fått epikrise innan sju dagar etter utskrivning, så har utviklinga vore rimeleg «flat» over fleire år for alle dei fire helseføretaka, både innan psykisk helsevern og somatikk. Helse Førde og dernest Helse Bergen ligg nærmast den nasjonale målsettinga om 100 % utsendt innan sju dagar. I mars klarte Helse Førde 100% innan psykisk helsevern.

Regional epikrise-mal er ein del av prosjektkandidaten Vel heim. Det vil vere eit samarbeid mellom prosjektet og føretaka om utarbeiding og endring av den regionale epikrisemalen som skal sikre epikrise «i handa». Vel heim planlegg å vere ferdig med sitt prosjekt i løpet av 2020.

Sjukefråvær

Per juni 2018 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest på 6,87 %. Det sjukemeldte fråværet for juni 2018 var på 5,86 %.

Frå juni 2017 til juni 2018 har både det samla sjukefråværet og sjukemeldt fråvær gått opp med 0,16 % og 0,13 %. Det er 2,3 % fleire sjukefråværsdagar i juni 2017 enn i juni 2018. Samtidig var det 4,8 % fleire netto moglege dagsverk i juni 2017 enn det var i juni 2018. Sjølv om tal sjukefråværsdagsverk for juni 2018 har gått ned samanlikna med same månad året før stig likevel sjukefråværsprosent for juni månad 2018. Årsaka er at det samtidig er nær 5% færre moglege dagsverk i juni 2018 samanlikna med juni året før. Helse Vest er i ferd med å slutføre arbeidet med utarbeiding av ein ny standardisert analyserapport som kan brukast for å sette i verk meir målretta tiltak for å redusera sjukefråværet.

Per juni 2018 hadde 57,84 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 57,18 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

Heiltid

7 113 medarbeidarar har sidan desember 2010 til juli 2018 fått høgare stillingsprosent i Helse Vest. Av disse har 4 791 fleire medarbeidarar fått 100 % stilling og 2 322 har fått høgare stillingsprosent. Frå juni 2018 til juli 2018 er det 6 medarbeidarar som har fått 100 % stillingsprosent og 19 medarbeidarar som har fått høgare stillingsprosent. Dette er gledelig for det viser at heiltidsarbeidet i føretaka ber frukter. Korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent er på 90,94 %.

HMS

Tal meldte hendingar hittil per juni 2018 er totalt 19 333. Dette er 2 301 fleire tilfelle samanlikna med same periode 2017. Vald og truslar mot tilsette hittil per juni 2018 er totalt 1 448. Dette er 52 fleire tilfelle samanlikna med same periode 2017. Det har vore 80 tilfelle truslar om drap, mens det var 129 truslar om drap i same periode 2017.

Uønskte hendingar – pasientar med konsekvens har gått opp med 93 tilfelle samanlikna med same periode 2017, og uønskte hendingar – pasientar utan konsekvens har gått opp med 1 220 tilfelle samanlikna med same periode 2017. Tal forbetningsområde per juni 2018 er 5 344. Dette er 96 fleire tilfelle samanlikna med same periode 2017. Totalt meldte hendingar per juni 2017 utgjør 0,92 hending per netto månadsverk.

Økonomi og finans

Det samla resultatet i føretaksgruppa er per juli 2018 kr 50,8 mill. lågare enn budsjett. Helse Bergen rapporterer ein prognose på kr 90 mill. som er kr 20 mill. lågare enn budsjett, resterande føretak rapporterer ein prognose for året som er i tråd med budsjett

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. juli 2018 til etterretning.

Sak 086/18 Langsiktig finansiering Helse Vest IKT AS – Utvida låneramme for 2018

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møte den 21/06-2017 sak 69/17 B Langsiktig finansiering av Helse Vest IKT 2017. Det blei fatta følgjande vedtak:

1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 150 mill. til totalt kr 878 mill.
2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knytter seg til investeringane.

Helse Vest IKT har allereie nytta kr 808 mill. av den samla låneramma. I tillegg har det vore naudsynt å overføre totalt kr 155 mill. i a-konto frå RHF-et til Helse Vest IKT for å sikre framdrifta i aktuelle investeringsprosjekt. Desse a-konto utbetalingane må dekkast innafor ny låneramme.

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at dei har behov for å få auke langsiktig låneramme med kr 155 mill. Det blir her vist til styret i Helse Vest IKT sitt vedtak under sak 020/18 B:

1. Styret ba om at administrasjonen, med grunnlag til styresak 071/17 B Budsjett for Helse Vest IKT for 2018 og i vedlagt likviditetsprognose, utarbeider og oversender til Helse Vest RHF søknad om lån på 155 mill. kr.

Samla langsiktig låneramme til Helse Vest IKT vil etter dette utgjere kr 1 033 mill.

Likviditetsbehovet oppstår som følge av at det er Helse Vest IKT som har dei likviditetsmessige utbetalingane til investeringar som blir gjort på vegne av helseføretaka. Dersom IKT-aktivitetane ikkje hadde vore organisert under Helse Vest IKT AS, hadde utbetalingane blitt føretatt direkte i helseføretaka, og det er desse som då hadde fått tilsvarende høgare belastning på driftskredittramma.

Tilbakebetaling av lån vil skje i tråd med dei inntektene som Helse Vest IKT skal fakturere helseføretaka når investeringane er ferdigstilte.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjente at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 155 mill. til totalt kr 1 033 mill.
2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knytter seg til investeringane.

Sak 087/18 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

13. juni 2018

Oppsummering

Onsdag 13. juni 2018 kl. 09.30 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka i R5, Akersgata 59, Oslo

I møtet blei følgjande saker behandla:

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Årleg melding 2017, jf. lov om helseføretak § 34, vedtektene §§ 7 og 15
- Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2017, jf. lov om helseføretak § 43, vedtektene §7
- Sak 5 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseføretak § 44

- Sak 6 Endring i driftskredittramma
- Sak 7 Gjennomgang av avtaler med leiande tilsette
- Sak 8 Etablering av kvalifiseringsprogram for ELTE-utdanna
- Sak 9 Sivilt-militært samarbeid i samband med NATO-øvinga
- Sak 10 Lån og tilskott til protonsentor

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 13. juni 2018 til etterretning.

Sak 088/18 Oppdragsdokument 2018 - tilleggskokument etter Stortingets behandling av Prop. 85 S (2017-2018)

Oppsummering

Som følge av Stortinget si behandling av Prop. 85 S (2017 – 2018) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2018*, har Helse- og omsorgsdepartementet sendt ut eit tilleggskokument til oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF 2018. Tilleggskokumentet er dagsett 29. juni 2018. Aktuelle krav vil bli vidareført i føretaksmøte som eit tilleggskokument til styringsdokument 2018 til helseføretaka i Helse Vest.

Som følge av Stortinget si behandling av Prop. 85 S (2017-2018) har Helse- og omsorgsdepartementet sendt ut eit tilleggskokument til oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF for 2018. Tilleggskokumentet inneheld 16 krav knytt til alle dei tre hovudmåla i oppdragsdokumentet for 2018:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasienttryggleik

Det skal rapporterast på alle tilleggskrava i Årleg melding 2018.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok tilleggskokument til oppdragsdokument 2018 frå Helse- og omsorgsdepartementet til etterretning.

Sak 089/18 Langtidsbudsjett 2019-2023

Det var gjennomført drøfting av saka med konserntilltsvalde og konsernhovudverneombod

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møte den 21.06.2017 sak 072/17 B Langtidsbudsjett 2018-2022. Det blei i denne saka fatta vedtak om at rullering av nytt langtidsbudsjett skal gjerast

våren 2018 med sikte på å behandle langtidsbudsjettet for føretaksgruppa før sommaren 2018.

Helse Vest har i eige brev datert 12.1.2018 gitt helseføretaka føresetnader og føringar for utarbeiding av langtidsbudsjett 2019-2023. Som ein del av årets budsjettprosess blir langtidsbudsjettet behandla av styret i Helse Vest. Alle helseføretaka har behandla sine langtidsbudsjett i sine respektive styre før denne saka blir behandla i Helse Vest styret. Langtidsbudsjettet for føretaksgruppa er derfor basert på helseføretaka sine langtidsbudsjett.

Administrerande direktør meiner at helseføretaka har klart å fange opp dei viktigaste føringane. Arbeidet med langtidsbudsjettet er ein årleg prosess. Det vil bli arbeiddd kontinuerleg med å utvikle langtidsbudsjettet.

I tabellen under er det vist eit samandrag av budsjettert resultatutvikling som ligg til grunn i føretaka sine oppdaterte langtidsbudsjett fram til år 2023:

Resultat pr. foretak	Langtidsbudsjett					
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Helse Stavanger	80 000	150 000	196 000	234 000	295 000	366 000
Helse Fonna	40 000	50 000	55 000	4 000	-7 000	-10 000
Helse Bergen	110 000	160 000	200 000	200 000	200 000	200 000
Helse Førde	28 000	36 000	36 000	36 000	36 000	36 000
Helse Vest IKT	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Sjukehusapoteka Vest	12 000	7 000	7 000	7 000	8 000	8 000
Helse Vest RHF	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000
Sum føretaksgruppa	421 000	554 000	645 000	632 000	683 000	751 000

Samla resultat for føretaksgruppa syner ein auke frå kr 421 mill. i 2018 til kr 751 mill. i 2023.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret vedtok langtidsbudsjett for 2019-2023.
2. Resultatkravet for perioden 2019-2023 blir fastsett som følgjer:

Resultat pr. foretak	Langtidsbudsjett					
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Helse Stavanger	80 000	150 000	196 000	234 000	295 000	366 000
Helse Fonna	40 000	50 000	55 000	4 000	-7 000	-10 000
Helse Bergen	110 000	160 000	200 000	200 000	200 000	200 000
Helse Førde	28 000	36 000	36 000	36 000	36 000	36 000
Helse Vest IKT	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Sjukehusapoteka Vest	12 000	7 000	7 000	7 000	8 000	8 000
Helse Vest RHF	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000
Sum føretaksgruppa	421 000	554 000	645 000	632 000	683 000	751 000

3. Helseføretaka må i planperioden drive verksemda i tråd med årlege budsjetttrammer og nasjonale og regionale føringar.
4. Helseføretaka må styre og prioritere investeringane innanfor tilgjengeleg likviditet i langtidsbudsjettet. Dersom resultatet endrar seg negativt må det gjerast nødvendige tilpassingar i investeringsplanen.
5. Dei årlege investeringsbudsjetta blir vedtatt i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. Avgjerda om og gjennomføring av investeringar må følgje fastsette retningslinjer for investeringar. Denne saka gir ikkje godkjenning for gjennomføring av dei enkelte prosjekta eller tilhøyrande lån.
6. Rullering av nytt langtidsbudsjett blir gjort våren 2019 med sikte på å behandle langtidsbudsjettet for føretaksgruppa før sommaren 2019.
7. Frå og med 2019 vil renta på lån med rentesikring bli belasta dei aktuelle helseføretaka basert på ei gjennomsnittsrente for lån med rentesikring. Hensikta er å utlikne effekten av forskjellige rentesatsar som følgje av at avtalene er inngått på forskjellige tidspunkt. Dette gjeld alle lån som er tildelt i statsbudsjetta før 2018.
8. Nye lån som blir innvilga over statsbudsjettet frå 2018 og framover (ny rentemodell), vil ved ei eventuell framtidig rentesikring og bli belasta dei aktuelle helseføretaka med ei gjennomsnittsrente for dei aktuelle låna kor det er inngått ein rentesikringsavtale.
9. Styret ba om at Administrerande direktør går i dialog med helseføretaka om fastsetting av framtidig resultatkrav og finansiering fram mot neste rullering av langtidsbudsjett.

Sak 090/18 Sal av tomt på Stord

Oppsummering

Eigar av bustad med adresse Furulyvegen 48 har sendt ein førespurnad til Helse Fonna HF om å kjøpe 57 kvadratmeter av tomtearealet på Furulyvegen 50 (gnr 27, bnr.526). Helse Fonna HF har etter ei nærmare vurdering konkludert med at ein ikkje har behov eller planar for det aktuelle tomtearealet og tilrår av den grunn at den blir seld.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret slutta seg til å skilja ut ein del av tomt gnr 27, bnr 526 på Stord og selje denne delen.
2. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Fonna HF for endeleg godkjenning.

Sak 091/18 Etiske retningslinjer for Helse Vest

Oppsummering

Styret blei sist orientert om Helse Vest sine etiske retningslinjer i styresak 030/17. Styret etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokument.

Ved behandling av saka i styremøte 29. februar 2016 går det av protokollen fram at dei etiske retningslinjene ville bli gjennomgått og revidert i 2017.

Helse Vest sine Etiske retningslinjer blei gjennomgått og revidert i november 2017.

Styret ønskja å presisere dei pårørande sin rolle i pasientbehandlinga, særleg i høve til barn, og la inn følgjande setning i dei etiske retningslinjene punkt 2.1. etter 1. avsnitt:

«Pårørande skal inkluderast til det beste for pasienten.»

Vedtak (samrøystes)

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:

- Etiske retningslinjer for Helse Vest, med dei innspel som kom i møtet.

Sak 092/18 Lærlingar i helseføretaka

Oppsummering

Utgangspunktet for denne saka er styret sin handsaming av sak 082/17 pkt. 5:

Styret ønskjer ein plan for ytterlegare auke av talet på lærlingar, med mål for tal lærlingar vi bør ha i regionen (Sak 082/17 pkt. 5).

Helseføretaka må arbeide systematisk med strategisk bemannings- og kompetanseplanlegging, gjennom å arbeide målretta med å utdanne, rekruttere, behalde og utvikle medarbeidarar. Det regionale helseføretaket og helseføretaka må ha god dialog og godt samspel med utdanningssektoren for å sikre at utdanningane har kapasitet, kvalitet og innhald som er tilpassa tenesta og befolkninga sine behov.

Styret ønskja ein årleg rapport om talet på lærlingar i forhold til tal på fagarbeidarar som får jobb i helseføretaka etter utdanning.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok tilbakemeldingane frå helseføretaka og Helse Vest IKT til orientering.
2. Styret seier seg tilfreds med talet på lærlingar så langt, og vil understreke viktigheten av at føretaka har ein omfattande lærlingeordning, og arbeider målbevisst med å auke talet på lærlingar.
3. Styret ber føretaka gjennomføre planlagt utviding av tal lærlingar, slik det går fram av tilbakemeldingane i saka.

Sak 093/18 Halvårleg rapportering på krav i oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøte

Oppsummering

Helse Vest RHF har med innspel frå helseføretaka utarbeidd ein halvårleg rapport på alle krava som er stilte i oppdragsdokument og i føretaksprotokoll av 16. januar 2018 frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD). Rapporten synleggjer at Helse Vest i hovudsak har god framdrift per 15. juni 2018.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok halvårleg rapportering per 15. juni 2018 til etterretning.

Sak 094/18 Utvikling i sengetal i helseføretaka

Oppsummering

Saka gir oversikt over korleis talet på senger har utvikla seg i spesialisthelsetenesta dei siste åra. Det er skilt mellom somatiske senger, psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling (TSB).

Tala er i hovudsak frå SAMDATA-statistikk men det er også vist tal frå dei pasientadministrative systema.

Det generelle bilete er at det over tid har vore ein nedgang i talet på senger i spesialisthelsetenesta. Det har vore liten endring dei siste åra i talet på senger. Dersom ein korrigerer for befolkningsauken er det likevel relativt sett også i denne perioden ein nedgang. Utviklinga er ulik innan dei tre fagområda. Det har vore ei gradvis reduksjon innan somatikk over lang tid. Innan psykisk helsevern har det vore ein radikal endring dei siste 20 åra mens det innan TSB også har vore ein auke.

Kor mange senger som trengs vil vere avhengig av befolkning og sjukdomsbilete. Korleis tilbodet er innretta vil også verke inn. Meir bruk av dag- og poliklinisk behandling er ei viktig årsak til nedgang i talet på senger. Likeins vil raskare og meir effektiv diagnostikk og behandling gi kortare liggetid og redusert behov for senger. Vidare vil alternative tilbod i kommunane verke inn.

Behovet senger i helseføretak blir vurdert m.a. i samband med utviklingsplanar og byggeprosjekt. Det vil da vere sentralt å finne ein god balanse mellom forventna utvikling i behovet for tenester og korleis tenestetilbodet bør innrettast for å gi ei best mogeleg teneste innan pårekelege ressursrammer.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka orientering.

Sak 095/18 Norsk pasientskadeerstatning - statistikk for regionale helseføretak

Oppsummering

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) har lagt fram årsmelding og statistikk for regionale helseføretak. Den årlege rapporten gir sjukehuseigarane og sjukehusa nødvendig og god oversikt over erstatningssakene innanfor ansvarsområdet deira. Her får helsetenesta viktig utfyllande kunnskap om feil som skjer i pasientbehandlninga.

Det er godt samsvar mellom talet på NPE-saker fordelt på regionale helseføretak og Statistisk sentralbyrå sin statistikk over tal behandlingar.

I Helse Vest har alle helseføretaka, på bakgrunn av skadetal og djupneanalysar av NPE-saker, starta forbettringsarbeid innanfor tre av dei fem største medisinske områda der det er mest svikt i behandling; ortopedi, gastrokirurgi og fødeomsorg.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 096/18 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 04.04.2018 5 min

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte 4. april 2018.

Styret blir orientert om revisjonsutvalet sitt fortløpande arbeid gjennom protokollane. Denne protokollen vart godkjent av utvalet 20. juni 2018.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 04.04.2018 til orientering.

Sak 097/18 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Oppsummering

Linn Bæra oppsummerte frå dagens møte i RBU. Vidare oppfølging av sakene kan regionalt brukarutval avklare med administrasjonen i Helse Vest.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå det regionale brukarutvalet til orientering.

Sak 098/18 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

Skriv 01 - Brev frå Helse Vest RHF til HOD, 250618 -Rapportering frå verksemda pr. mai 2018

Skriv 02 – Brev frå Helse Vest RHF til Helse Bergen HF og Stavanger HF, 070618 – Oppfølging – Internrevisjon av internasjonale samarbeidsprosjekt

Skriv 03 – Brev frå HOD til Helse Vest RHF, 310518 – Ope brev til Helseministeren

Skriv 04 – E-post frå Helse Vest RHF til helseføretaka i Vest, 130618 – Ope brev til Helseministeren

Skriv 05 – Brev frå Helse Fonna HF til Helse Vest RHF, 130818 – Svar på Ope brev til Helseministeren

Skriv 06 – Brev frå HOD til Helse Vest RHF, 260618 – Opprop frå helsepersonell om den psykiske helsetenesta

Skriv 07 – Brev frå HOD til Helse Vest RHF, 270618 – Oppfølging av otte frå LPP Bergen

Skriv 08 – Brev frå Helse Bergen HF til Helse Vest RHF, 010818 – Oppfølging av otte frå LPP Bergen

Skriv 09 - Brev frå Helse Vest RHF til LPP, 090818 - Svar på brev

Skriv 10 - Kopi av brev frå LPP til Helse Bergen HF, 080818 - Svar på brev

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Torunn Nilsen

05.09. 2018

Einar Strømsvåg Styreleiar

Tone Berntsen Steinsvåg Nestleiar

Katrine Trovik Medlem

Gunnar Berge Medlem

Sigurd Hille Medlem

Olin Johanne Henden Medlem

Bente Sissel Pilskog Medlem

Lise Karin Strømme Medlem

Tom Guldhav Medlem